

# Skjervet

TEMA: Bønder og busetnad ①37,  
Frå tjodveg til riksveg ①84  
KART: ④440, ④441

**Vegen mellom Eide i Granvin og Voss er ein av dei eldste vegane som vert omtala i mellomalderen. I eit diplom frå 1343 frå Voss om fordeling av vegarbeid finn vi òg omtala vegen til Angr (Granvinsfjorden). Det bratte fjellpartiet i SKJERVET, med den store fossen, var vanskeleg å passera, og ei anna veglinje gjekk truleg om Brekke og Jørdre og ned til Klyve. Granvin-gardane som ligg her oppe, hadde kyrkjevegen sin om Jørdreskleivane. Først på 1700-talet vart det farande veg over Skjervet, i dette hovudsambandet mellom Hardanger og Vossebygdene. Det var skyssstasjon på Eide ved Granvinsfjorden, på Øvre Vassenden ved Granvinsvatnet og på Flatlandsmo.**



Garden Velken måla av Catharine H. Kølle. Akvarell, utan år. Til venstre: Skjervet fotografert kring hundreårsskiftet.

**F**rå Voss gjekk også ein mykje nytta veg frå Flatlandsmo over fjellet til Folkedal ved Granvinsfjorden. Vegen gjennom Skjervet vart omlagd fleire gonger på 1700- og 1800-talet. Alt i åra 1817 og 1825 kjørte biskopane PAVELS og NEUMANN her med hest og vogn, men dei store utbetringane kom etter 1840. Kjørevegen gjennom Skjervet var den første vegsaka som kom opp på det første fylkestinget i 1838. Løyvinga vart vedteken med den grunngevinga at vegen måtte prioriterast, då det var det einaste kjørevegsambandet mellom Hardanger og Bergen.

Etter ei større omlegging i 1870 vart det samanhengande kjøreveg heilt fram til Eide. Det var då på tale å leggja ned skyssstasjonen i Øvre Vassenden, men på grunn av behovet for embetsreiser i distriktet – futen og sorenskrivaren – vart skyssstasjonen her først nedlagd etter første verdskrigen, då bilane overtok. I andre verdskrigen var det kampar mellom norske og tyske militæravdelingar i Skjervet, 25. april 1940. Norske stillingar i jernbanetunnelane gav eld mot tyske troppar som rykte fram frå Eide. □



På ei dør frå Lillegraven (Skrivargarden), finn vi eit staseleg bilete av Goliat måla i 1780-åra, truleg av Vebjørn Olsen Hammersboen frå Hol i Hallingdal. Brørne Vebjørn og Sven farta mykje omkring i fjordbygdene på slutten av 1700-talet (①127).

## EI KVINNEGRAV FRÅ VIKINGTIDA

I ei kvinnegrav på garden TRÅ vart det for mange år sidan funne restar av ei bronseause med runeinnskrifter. Gravgåvene som kvinna hadde fått med seg, viser at ho hadde god økonomi og sikkert hadde hatt høg sosial status, for høyr berre kva ho hadde fått med seg: to fine ovale bronsespener med forgylling og tvinna sølvtrådar, ei forgylt, treflika bronsespenne med dyreornamentikk og ei perlekjede med perler av bergkrySTALL. Ved fotene og langs sidene hadde dei plassert nyttegenstandar: ullkammar, spinnehjul, vevskei, saks og saumglattar av glas, steikjespiss, steikjepanner, jerngryte, jernausa, ei klebergryte, ein bronsekjel og ei bronseause, ei lita grøn glasflaske, kniv, bryne, beitsel og kistebeslag.

Bronseausa var i fleire fragment; sjølve ausa hadde ein diameter på 20 cm, skaftet ei lengd på 11 cm. Med ein skarp knivspiss var det rista inn skarpe, fine runer i den blanke bronseflata. Runene er såkalla kortkvistruner, som vi også kjenner frå ISLE OF MAN og SVERIGE. Fleire av runene manglar, og nokre er utydelege, slik at innskrifta er vanskeleg å tolka. Den eine lyder slik: «Lekamsskade (vert) påtala, etter som det er sett kvinnegrid». Eii anna seier: «Eg ser ikkje ... og ikkje urette, aldeles ikkje urette runer». Dette siste er truleg innleiingsformelen på eit vers, medan meininga med innhaldet var at forebuingane til gildet var gjort med omhug.

Innskriftene på ausa gjev oss eit glimt av tilhøva på ein storgard ved festlege høve. Dei mange mellomalderlege runepinnane frå Bryggen i Bergen viser at runer vart nytta langt ut i mellomalderen, og ei av innskriftene derifrå lyder slik: «No er her stort ståk og strid». Dette ønskte ikkje huskona frå Granvin, men fest og orden.



Funn frå kvinnegrava på Trå.